

# Fitjar vidaregåande skule sitt skulereglement

*Fastsett for skuleåret 2019-2020*

*Fitjar vidaregåande skule sitt skulereglement supplerer ordens- og åtferdsreglementet for alle vidaregåande skulene i Hordaland fylkeskommune (gjeldande frå 01.08.2017). Brot på Fitjar vidaregåande skule sitt skulereglement kan føra med seg sanksjonar i tråd med §7 i ordens- og åtferdsreglementet for alle vidaregåande skulene i Hordaland fylkeskommune.*

**Eleven si plikt til å halde seg informert:** Eleven skal kvar undervisningsdag gå inn på læringsplattforma It`s learning og sørge for å halda seg oppdatert på informasjon som står der. Eleven må og opna e-post minst ein gong i veka. Elevane vil og finna noko informasjon på skule si heimeside (<http://fiv.hfk.no/>) og Facebook-side.

**Mobiltelefonar:** Mobiltelefonar skal settast på lydlaus og vibrasjonslaus og ikkje vera framme i skuletimane med mindre dei, etter instruks med lærar, skal inngå i undervisninga (t.d. i ein Kahoot).

**Kantine:** Alle elevane må opp rydde etter seg sjølve og sortere søppelet i miljøstasjonen i kantina. Det er ikkje lov å ta med tallerkenar og liknande ut frå kantineområdet. Skal ein ta med kaffi eller te ut av kantina, må ein bruka pappkrus.

**Mat og drikke i timane:** Det er ikkje lov å eta i undervisninga dersom dette ikkje er særskilt for faget eller er enkelthendingar som er avtalt med faglærar på førehand (t.d. eit fellesmåtid i klasserommet). Det er greitt å drikka i timane, men vatnflasker må fyllast opp i friminutta.

**Rydding:** Elevane er forplikta til å delta i ordenselev- eller ordensklasseordningar og til å halda klasserommet sitt ryddig. Klasseromma skal ryddast og luftast etter kvar time. Det skal tørkast av tavle, og stolar og boss skal ryddast saman. Det skal vera ordenselevliste for kvar klasse. Kvar klasse ryddar uteområdet for boss etter oppsett liste. Vindauga skal lukkast og lyset skal slåast av når ein forlèt klasserommet for dagen.

**Søppel:** Fitjar vidaregåande skule sorterer søppelet sitt og er ein grønt flagg-sertifisert skule. Alle elevar er difor forplikta til å sortera søppelet sitt i sorteringssøppelkassane som står i klasseromma.

**PC:** PC er eit verktøy i undervisninga og skal berre brukast i samråd med lærar. Når skuletimen byrjar, skal PCen vera lukka. Bruk av projektor skal berre skje i samråd med lærar.

**Fråvær i ein undervisningstime:** Det er ikkje lov å forlate klasseromet i timane utan tillating frå lærar; dette gjeld også toalettbesøk. Dersom ein elev er borte i 15 min. eller meir frå ein time, vert dette fråværet rekna som ein undervisningstime. Samtale med leiing eller støttetjenestar skal ikkje førast som teljande fråvær. Eleven får med seg stadfesting på at han/ho har vore til samtale, og denne skal leverast til faglærar. Elevane må sjølve sørge for å ta igjen det som gjekk føre seg i timen då han/ho var borte.

**Avslutting av timen:** Når timen er ferdig, gjev lærar signal om når elevane kan pakka saman og forlata rommet.

**Når læraren ikkje kjem:** Dersom det ikkje er kome ein lærar til timen innan 5 min., skal ein representant frå klassen kontakta kontoret.

**Garderobe og bokskåp:** Elevar som treng garderobeskap eller bokskåp, skal bruka eigen hengelås til sitt skap. Verdisaker må låsast inn og vert oppbevart på eige ansvar.

**Besøk på skulen:** Uvedkommande skal ikkje vera på skulen sitt område. Dersom elevar unntaksvis har behov for å ha med seg nokon som ikkje er elev på skulen, må ein i forkant av besøket søka tillating til dette hos avdelingsleiar.

**Fellesareal:** Ein skal halde fellesareala på skulen ryddige og opphalde seg slik at ein ikkje er til hinder for andre, t.d. ved å ikkje sitte i tronge passasjar. Elevar skal ikkje sitja i vindaugskarmar.

**HMS, uniform og utstyr:** Elevane pliktar å retta seg etter skulen sin branninstruks og HMS-instruks. Under praktiske leksjonar på kjøkken og helseavdeling skal elevane bruka godkjent og velstelt uniform. På naturfagsalen skal elevane bruka verneutstyr, og i kroppsøvingstimane skal dei bruka eigna sko og klede. Ved manglande uniform, gymklede eller verneutstyr, skal ikkje eleven delta i undervisninga.

**Sjukdom:** Elevar som er sjuke og eller kan medføra smittefare, må ikkje opphalda seg i undervisninga.

**Fråvær frå skulen:** Dersom eleven ikkje kan møte på skulen, må han/ho straks gje beskjed til sin kontaktlærar. Dette gjeld både for fråvær på grunn av sjukdom og for anna fråvær. Å ikkje gje beskjed om fråvær, vil føra til ordensmerknad. Sjå elles utfyllande reglar i §5 i ordens- og åtferdsreglementet for alle vidaregåande skulene i Hordaland fylkeskommune.

**Kommersialisering:** Det er ikkje tillate å opna for kommersielle marknadsføring- og salsframstøytar retta mot elevane ved skulen.

**Tillating til ekskursjonar:** Elevar som er under 18 år og som skal delta på ekskursjonar og/eller turar arrangert av skulen, må ha skriftleg godkjenning av føresette. Elevar må ha skriftleg godkjenning av føresette dersom dei skal sitja på i privatbil til lærar.